



Anne Karin Lothe med dei tre motiva frå Fjellandsbø i separatutstillinga som opna fredag i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

På mange måtar kjenner ho seg som kvinnhering, Anne Karin Lothe (59) som no stiller ut 30 måleri i Kunst & Ramme i Uskedalen. Eit døme på det er at ho har måla sauene på Fjellandsbø som ho tok foto av i haust og har kalla acryl-biletet for "Velkomstkomiteen".

Ho vaks opp i Odda og bur i Måge i Ullensvang, men morfaren Lars Volden var frå Volden innanfor Rød og faren frå Helland på Husnes.

Anne Karin teikna mykje då ho var lita og har alltid hatt lyst til å måla, men draumen vart ikkje til verkelegheit før dei fire borna var ute av huset. Det var i 1977 ho starta for alvor med penselen og sidan har hobbyen lagt på seg. Dei siste seks-sju åra har ho undervist i kunstoffag på kulturskulen i Odda, der ho har ein klasse for dei i alderen 11-15 år og ein klasse for vaksne.

- Eg fann snart ut at eg kunne for lite og måtta ta utdanning, seier Anne Karin.

Eitt år (1986) var ho hospitant ved kunsthåndverkskulen i Bergen og i fireårsperioden 1988/92 tok ho lærarhøgskulen i forming på Blaker på Romerike. Ein viktig milepel var det då ho hadde med måleriet "Stein" i Vestlandsutstillingen i 1987. Steinen vart til og med seld!

Sidan har ho delteke saman med andre i mange utstillingar og også hatt fleire separatutstillingar. Ho nemner i fleng utstillingsstader som Rørros, Tynset, Haugesund og Odda. Ullensvang-målaren har også hatt utstillingar i samband med messearrangement og har seld bra i dei seinare åra. Dette er den første separatutstillinga ho har i Kvinnherad.

Anne Karin meistarar fleire teknikkar, men det er mest acrylmåleri i utstillinga i Uskedalen. Motiva er helst henta frå naturen, men det er også nokre aktmåleri med. Og det er ikkje berre lokale motiv frå Fjellandsbø - tre i talet. Hellandsbrua, Bondhusbreen og motiv frå Rosendal er også å finna der.

Av Ola Matti Mathisen